

Evakueringsplan – Firda vgs

Denne planen er laga med tanke på evakuering av skulen i samband med gassutslepp o.l. Bakgrunnen er den store lekkasjen av ammoniakk-gass i januar 2005, der heile Sandane sentrum inkl. Firda vgs måtte evakuerast.

1. Ved gasslekkasje i Sandane-området vil skulen verte varsla av brannvernet i Gloppen kommune. Vi vil frå dei truleg også få informasjon om vindretning. Viss ikkje er dette det første vi må klarlegge.
2. I godt sommarver kan ein evakuere til høgareliggende friluftsområde på Sørstranda, Nordstranda eller Eide/Kleivedammen – alt etter vindretning. Viss veret tilseier det så finn ein stad å evakuere til. Dette kan t.d. vere Gimle (nøkkel på Statoi tlf. 57865860), Vonheim, Runnevang, Sundebygget, Arbeidskyrkja, Breimshallen.
3. Undersøk om det er behov for transport. Firda Billag har telefon 57865555. Utfrå situasjonen må transport avtalast frå Firdahallen eller E39 ovanfor skulen.
4. Varsle alle over callinganlegg om evakuering. Ver roleg og forklar årsak. Unngå panikk. Gje instruks om evakueringsveg, kvar ein skal evakuere til, transport etc.. Alle vindu og dører må stengast.
5. Varsle særskilt Firdahallen, biblioteket og kantina og gje same informasjon til dei.
6. Vidarekople sentralbord til fylkeshuset og oppgje mobilnummer ev. fasttelefon vi kan nåast på.
7. I alle bygningar (inkludert Firdahallen) skal ein ansvarleg gå rundt og kontrollere at alle er ute og syte for at vindu er attletne og dører låste.
8. Når evakueringa er gjennomført – ring politiet (tlf. 02800) og meld frå om kvar vi er, korleis evakueringa har gått og at vi ventar på nærare instruksar.

Ansvarlege for iverksetjing av planen

Rektor er ansvarleg for å iverksetje evakueringsplanen. I hans fråvær assisterande rektor og deretter dei andre i leiargruppa.

Den ansvarlege syter for å fordele oppgåver på leiargruppa slik at planen ovanfor vert gjennomført så raskt som råd er.

14.01.05

Gunnar Nygjerd
leiar drift